



## Rekneskapsrapport pr. juni - juli 2020

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:  
210

Arkivsaksnr.:  
20/9594

JournalpostID:  
20/42074

<b>Saksnr:</b> 133/2020	<b>Utval:</b> Bjørnafjorden formannskap	<b>Dato:</b> 13.10.2020
----------------------------	--	----------------------------

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. juni – juli til orientering.

Bjørnafjorden, den 26.08.2020

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

## **Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:**

### **BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 13.10.2020:**

#### **Behandling:**

Økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas svara på spørsmål frå representantane.  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. juni – juli til orientering.

#### **Samandrag av saka:**

Pr. juli ser det ut til at største utfordringa for kommunebudsjettet 2020 blir redusert skatteinngang og ev reduserte midlar frå Havbruksfondet i forhold til budsjett. Covid-19 gir meirutgifter for sektorane. Det ser ut til at størstedelen av meirutgiftene vil kome innfor pleie- og omsorgstenesta, som kan dekke meirutgiftene ved bruk av fond.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Saka er meint å gi auka innsikt i den økonomiske situasjonen. Saka er ei orienteringssak og får såleis ingen direkte økonomiske konsekvensar.

Klima: Saka har ingen direkte konsekvensar for klimaet.

Folkehelse: Saka har ingen direkte konsekvensar for folkehelsa.

#### **Saksframlegg:**

## Samlerapport drift 2020 - Juli

Område		Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbrukt-%
10	Frie Inntekter	(730 903 097)	(1 129 360 000)	64,7 %
11	Finans	69 196 551	108 752 747	63,6 %
	Finans / frie inntekter	(661 706 546)	(1 020 607 253)	64,8 %
12	Fellesområde	7 917 640	46 848 820	16,9 %
	Fellesutgifter	7 917 640	46 848 820	16,9 %
15	Rådmannens stab	7 960 131	10 934 083	72,8 %
16	Økonomi	6 283 355	11 422 407	55,0 %
17	Personal	8 133 364	13 490 108	60,3 %
18	Organisasjon og utvikling	42 610 019	49 591 252	85,9 %
	Stab	64 986 869	85 437 850	76,1 %
20	Oppvekst	5 638 819	10 535 722	53,5 %
21	Skular	189 683 328	338 991 695	56,0 %
23	Barnvernstenesta	21 627 150	41 977 144	51,5 %
24	PPT	11 901 186	21 917 599	54,3 %
25	Førebyggjande helsetenester	11 332 192	17 155 386	66,1 %
27	Barnhagar	171 815 861	241 013 635	71,3 %
	Sum Oppvekst og Kultur	411 998 535	671 591 181	61,3 %
30	Helse og Velferd - Fagstab og felles satsing	(299 651 912)	(570 074 709)	52,6 %
31	Bestillar og Forvaltarkontoret	28 084 050	41 258 249	68,1 %
32	Legevakt og legetenester	28 822 115	48 775 489	59,1 %
33	Helsefremming og rehabilitering	13 312 868	21 494 649	61,9 %
34	NAV	17 782 818	36 267 408	49,0 %
35	Tilrettelagte tenester - barn og unge	16 327 494	34 973 612	46,7 %
36	Psykisk helse og rus	21 946 595	39 775 389	55,2 %
37	Pleie og omsorg	174 203 168	290 405 899	60,0 %
38	Tilrettelagte tenester - vaksne	86 368 222	136 958 142	63,1 %
	Sum Helse, Omsorg og Beredskap	87 195 417	79 834 128	109,2 %
40	Samfunnsutvikling	2 905 211	3 784 139	76,8 %
41	Landbrukskontoret	2 140 832	2 954 017	72,5 %
42	Næringsavdelinga	2 672 828	2 488 944	107,4 %
43	Prosjekteininga	6 730 127	374 500	1797,1 %
44	Plan	4 552 588	11 083 430	41,1 %
45	Byggjesak	142 157	-	
46	Kart og Oppmåling	1 367 241	1 071 055	127,7 %
47	Kultureininga	26 319 220	34 203 309	76,9 %
48	Brann	12 833 684	20 300 228	63,2 %
49	Bygg Drift	14 967 893	42 896 094	34,9 %
50	Samferdsle	13 935 102	17 739 558	78,6 %
51	Vatn	(7 395 016)	-	
52	Avlaup	(15 868 259)	-	
60	Investeringsprosjekt	46 239	-	
	Sum Samfunnsutvikling	65 349 847	136 895 274	47,7 %
	<b>Sum</b>	<b>(24 258 237)</b>	<b>-</b>	

## Frie inntekter

*Frie inntekter ser ut til å bli lavere enn budsjettet i 2020 grunna skattesvikt.*

Bjørnafjorden kommune har i løpet av våren 2020 fått tilført auka rammetilskot i samband med Corona epidemien:

Krisepakke Corona april 2020	17 768 000
Ekstra skjønn vedr Corona	823 265
Kompensasjon bortfall av foreldrebetaling bhg/SFO	5 358 000

I revidert nasjonalbudsjett som no er vedteke i Stortinget er det gjort fleire endringar i rammetilskotet for 2020:

- Kompensasjon for endring i basistilskot og grunntilskot for fastlegar. Beløpet for Bjørnafjorden kommune kr 1.235.000 er i K-sak 73/2020 vedtatt overført til sektor for Helse og velferd .
- Kompensasjon for lovreglar om psykososialt barnehagemiljø og internkontroll. Beløpet for Bjørnafjorden kommune kr 27.000 er i K-sak 73/2020 vedtatt overført til sektor for Oppvekst.
- Kompensasjon for utsett overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå 01.05.2020 til 01.11.2020. Beløpet for Bjørnafjorden kommune kr 2.053.000 er i K-sak 73/2020 vedtatt overført til sektor for Stab.
- Trekk for at dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens blir finansiert av SIO prosjektet. Beløpet for Bjørnafjorden kommune kr 1.568.000 er i K-sak 73/2020 vedtatt trekt frå sektor for Helse og velferd .
- Tiltak mot sårbare barn, herunder auka tilgjenge til helsestasjon og skulehelsetenester samt tiltak for barn og unge med store hjelpebehov. Beløpet for Bjørnafjorden kommune er kr 672.000 er først nyleg blitt fastsett. Kommunedirektøren vil i 2. tertialrapport foreslå at beløpet blir overført til sektor for Oppvekst.

Kommunen har fått tildelt kr 1.500.000 i ekstra skjønsmidlar til forebygging av flaum. Kommunedirektøren vil i 2. tertialrapport foreslå at midlane går til finansiering av investeringsprosjekt 7280 – Elvelia Bru, Markhusvegen.

Kommunen har vidare fått tildelt kr 2.000.000 i ekstra skjønsmidlar til nye kommunar som har fått utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåinga.

Den 29.05.2020 la regjeringa fram ny krisepakke vedr virusutbrotet. Det blir der foreslått å auke verdsettingsrabatten for aksjar og driftsmidlar og å auke den skattefrie fordelten ved kjøp av aksjar i arbeidsgivarselskapet. Forslaga blir samla vurdert å redusere kommunesektoren sine skatteinntekter med om lag 550 mill. kr i 2020. For å kompensere for bortfallet av skatteinntekter foreslår regjeringa å auke rammetilskotet tilsvarande. For Bjørnafjorden kommune er det gitt ein kompensasjon på kr 2.417.000. Kommunedirektøren vil i 2. tertialrapport vurdere ev. budsjettendring mellom skatt og rammetilskot.

Dei ekstra skjønsmidlane på 2 mill. kr og kompensasjon for reduserte skatteinntekter kr 2.417.000, saman med kr 17.768.000 («krisepakka») og kr 823.265 (skjønsmidlar Covid-19) blir inntil vidare haldne i reserve for å dekke venta reduksjon i skatteinngangen.

Pårekna skatteendring i prosent for kommunesektoren er i framlegg til revidert

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

nasjonalbudsjett justert ned frå pluss 1,3 prosent til minus 1,1 prosent. Etter behandlinga av revidert nasjonalbudsjett i Stortinget ser det ut til at pårekna skattereduksjon er justert ytterlegare ned til minus 1,4%.

For Bjørnafjorden kommune vil dette kunne medføre reduserte skatteinntekter inkl. skatteutjamningsmidlar på ca. 25,7 mill. kr i forhold til budsjett. Skatteveksten i Bjørnafjorden kommune er pr juni negativ med 2,6%, men pr juli er talet minus 0,4%. For kommunesektoren samla er talet 0,4%. KS opplyser at dei betra juli-tala ikkje representerer den underliggende utviklinga, ettersom tala er påverka av m.a. utsett innbetaling av 2. termin forskotsskatt.

Når det gjeld Andre generelle driftsinntekter har kommunen budsjettert med

- Reformtilskot frå staten (kr 21.600.000)
- Rentekompensasjon frå Husbanken (kr 3.100.000)
- Utdeling frå Havbruksfond (kr 20.652.000)

Kommunen har mottatt reformstøtte frå staten på kr 22.314.000, altså kr 714.000 meir enn budsjettert. Rentekompensasjon frå Husbanken blir først kjent i desember. Midlar frå Havbruksfondet blir kjent i september. Stortinget har i behandlinga av revidert nasjonalbudsjett vedtatt at kommunesektoren skal tilførast 2,25 mrd. frå Havbruksfondet i 2020 og 1 mrd. kr i 2021. Samla for 2020 og 2021 er dette 1,25 mrd. høgare enn regjeringa sitt framlegg. Dette gjev von om at utbetalinga for 2020 blir god men truleg når vi ikkje heilt budsjettert beløp. Ordninga blir lagt om med verknad frå 2022.

### **Ny krisepakke - øyremerkte tilskot**

I den siste krisepakka av 29.05.2020 blir det foreslått å opprette eit øyremerkt tilskot på 2,5 mrd. kr til kommunesektoren til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av bygg og anlegg. Føremålet med løyvinga er å raskt kunne stimulere sysselsettinga innan bygg- og anleggssektoren, og samstundes bidra til å redusere vedlikehaldsetterslepet i kommunane. Løyvinga er eit engangstilskot for 2020 og det er ikkje krav om kommunal eigendel. Beløpet for Bjørnafjorden kommune er kr 11.400.000.

Det er utarbeidd retningslinjer for bruken av midlane, m.a.:

- Tilskotet skal nyttast til tiltak innan vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunale bygg, vegar og anlegg. Det kan og nyttast til tilsvarande tiltak som høyrer inn under kyrkjeleg fellesråd og kommunale føretak. Tilskotet kan ikkje gå til verksemdar som driv forretningsverksemd eller der bygget/anlegget som nyt godt av tilskotet blir brukt i forretningsverksemd.
- Midlane skal nyttast til prosjekt og tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtatte prosjekt i kommunens opprinnelege, vedtatte årsbudsjett for 2020.
- Tilskotet skal gå til kjøp av tenester og skal ikkje brukast på prosjekt som blir utførte av kommunane sine egne tilsette.
- Prosjekta må bli sett i gang i løpet av 2020.
- Revisor må attestere på at midlane har blitt brukt i tråd med føresetnadene.
- Det blir lagt opp til en særskilt rapportering om bruken av midlane til våren 2021.

## **Finans**

*Område for Finans er framleis negativ men i betring.*

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Finansmarknaden har halde fram med å styrke seg gjennom sommaren, og avkastninga på finansporteføljen er ved utgangen av juli negativ med kr 830,363 tilsvarande – 1,2%. Dette er bak indeks som er 1,5% sjølv om veksten i porteføljen vår har vore høgare enn indeks sidan mai.

Rentenivået fall kraftig i vår, mellom anna etter at sentralbanken i fleire omgangar har satt ned styringsrenta, og ser no ut til å ha stabilisert seg. Kommunen vil få reduserte utgifter til renter, men nettoeffekten blir ikkje stor ettersom lån med ekstern finansiert rente (startlån, lån innafor VA området, rentekompenserte lån) samt renteinntekter frå bankinnskott også blir redusert.

## **Sektorane**

Pr juli er det ført utgifter for ca. 16,5 mill. kr som er merka med Corona. Mesteparten av utgiftene er innan pleie- og omsorgssektoren som kan dekke utgiftene via fondsmidlar frå SIO1.

Det er i revidert nasjonalbudsjett framlegg om ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i to månader, slik Stortinget har oppmoda regjeringa om. Nedsettinga av arbeidsgjevaravgifta er for 3. termin i år, og med fire prosentpoeng. Administrasjonen har rekna innsparinga for Bjørnafjorden kommune til ca. 8 – 9 mill. kr, men beløpet vil ikkje bli klart før A-meldinga blir sendt inn. Kommunedirektøren er innstilt på at innsparinga skal tilbakeførast til sektorane. Forventa redusert prisvekst vil og komme sektorane til gode.

### **Sektor for Fellesutgifter**

Folkevalde organ kan få meirutgifter i samband med møtegodtgjersle for 2019 som fekk forseinkingar, og delvis har kome til utbetaling i 2020. Det er gjort ei avsetning på vel 1,2 mill. kr i rekneskapa for 2019 for dette, men det ser ikkje ut til å vere tilstrekkeleg. Det er for tidleg å lage prognose for møtegodtgjersle for 2020.

Regjeringa har i revidert nasjonalbudsjett varsla eit lavt lønsoppgjær. Dersom det slår til kan det bli innsparingar på midlane som er avsett til lønsregulering. Forhandlingane startar først til hausten i kommunal sektor, og det er derfor vanskeleg å vere konkret på dette tidspunktet. Dersom det blir eit lavt lønsoppgjær, vil det og bli lavere utgifter til pensjon (lavere reguleringspremie).

For å saldere budsjettet for 2020 har kommunen budsjettert med 5 mill. kr i inntekt frå premiefondet til KLP. 2019 var eit godt år for finansmarknaden, og er medverkande til at premiefondet i KLP vil bli tilført om lag 10 mill. kr i 2020. Midlane kan berre nyttast til å betale pensjonsfakturaer frå KLP, men vi vil uansett få ei innsparing i pensjonsutgiftene på 5 mill. kr i forhold til budsjett.

### **Sektor for Stab**

Sektor Stab har hatt ekstra utgifter til overtid i starten av året i samband med oppstart av ny kommune og avslutning av to årsrekneskap. Førrebels reknar vi med at Stab kjem til å gå i balanse i 2020.

### **Sektor for Oppvekst**

Ein del skular har denne våren hatt for høgt lønsforbruk, og har fått beskjed om å sjå på tiltak for å redusere meirforbruket. Noko må løysast frå hausten i samband med nytt skuleår og ny tildelingsmodell, og noko må gjere reduksjon i bemanninga. Skulane har hatt noko reduserte utgifter som følgje av Covid-19 (til dømes skuleskyss, vikarbruk), men har og hatt høgare lønsutgifter i samband med inndeling av elevar i mindre grupper. Netto effekten er ikkje eintydig, men effekten på økonomien vil truleg ikkje gje store utslag. Også nokre barnehagar har for høgt lønsforbruk i samband at barnetalet i enkelte delar av kommunen har gått ned utan at bemanninga er redusert tilsvarande. Kompensasjon frå staten vedr

bortfall av foreldrebetaling er om lag 2,4 mill. kr lavere enn reelt tap. Førebyggande helsetenester har vore i front når det gjeld å disponere personell til prøvetaking av korona. Dette har medført meirforbruk på løn. Barnevern og PPT ser ut til å drifte greitt innafor budsjett, men PPT har etterslep med utføring av vedtak på grunn av korona situasjonen.

### **Sektor for Helse og velferd**

Den økonomiske situasjonen innan Helse og Omsorg er i stor grad prega av dei ulike konsekvensane av Corona-tiltaka. Mange einingar har måtte endra arbeidsmetodar, endra turnusar og på annan måte måtte gjere tilpassingar som aukar kostnadene monaleg. For pleie- og omsorgstenesta er det, i ei eiga sak, gjort vedtak om å bruke delar av SIO1 fondet til å dekke meirutgiftene.

For tenester utanfor SIO området så vil legevakten få meirutgifter i samband med prøvetaking av covid-19. Førebelse prognoser viser eit meirforbruk på om lag 3 mill. kr. Bestillar og forvaltarkontoret ser ut til å få 2 mill. kr i auka utgifter til Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA).

### **Sektor for Samfunnsutvikling**

Førebels ser sektoren samla sett ut til å drifte innafor budsjетtrammene sine. Det vil bli auka utgifter til reinhald, men dette kan truleg dekkast inn ved reduserte utgifter i andre delar av sektoren.

Bjørnafjorden, den 26.08.2020

Ingrid Karin Kaalaas

Økonomisjef